

Tiltak for å betre beredskapen ved atomterrorisme

Kriseutvalet ved atomulykker har gjennom sitt mandat også oppgåver og ansvar for tiltak i tilfelle atomterrorisme. For å styrke beredskapen, skal fire tiltak gjennomførast som oppfølging av St.prp. 54. Strålevernet er ansvarleg for tiltaka, som blir gjennomførte i samarbeid med andre i beredskapsorganisasjonen.

For å betre beredskapen i tilfelle atomterrorisme har Strålevernet i samarbeid med beredskapsorganisasjonen sett i gang fire tiltak:

- Gjera mobile målesystem operative
- Etablere eit mobilt laboratorium
- Vidareutvikle grunnlag for vedtak i Kriseutvalet gjennom betre prognoseverktøy
- Vidareutvikle kommunikasjonssystemet i beredskapsorganisasjonen

Kriseutvalet har ein plan for oppgradering av beredskapen

Det meste av instrumentering for måling og overvaking av radioaktivitet er frå åra like etter Tsjernobyl-ulykka i 1986. Kriseutvalet har difor utarbeidd ein langtidsplan for 2003 – 2012 for oppgradering av kompetanse og utstyr i beredskapsorganisasjonen. Denne planen tek for seg ei rekkje naudsynte tiltak i tillegg til dei som no er sett i gang for å betre terrorberedskapen. Langtidsplanen kan du lesa på

http://www.nrpa.no/fpinternet/atomulykkesberedskap/KU_plan2003.pdf

Gjennom St.prp. 54 om tilleggbevilgninger i 2002 knyttet til ressursbehovet innen det sivile beredskap og politiets (inkl. Politiets sikkerhetstjenestes) beredskap er det vedteke å gjennomføre fire av dei tiltaka som blei foreslått i langtidsplanen. Desse tiltaka skal betre beredskapen i tilfelle atomterrorisme.

Atomterrorisme

Atomterrorisme kan ta mange ulike former. Vi skil mellom nukleær terrorisme og radiologisk terrorisme. Nukleær terrorisme er bruk eller trussel om bruk av kjernevåpen eller trussel om eller angrep mot anlegg med nukleært materiale. Radiologisk terrorisme er bruk eller trussel om bruk av radioaktive stoff eller såkalla "skitne bomber" i terroraksjonar.



Mobilt laboratorium i bruk til heilkroppsmåling. Foto: B. Lind, Strålevernet

Mobilt laboratorium

Strålevernet skal etablere eit mobilt laboratorium. Målet er å betre krisehanderings- evna på ein skadestad. Dette gjeld både måling på miljøprøver og måling på personar som kan ha blitt forureina ved spreiding av radioaktivitet.

05

03


For beredskapen er det viktig at eit slikt system er i bruk og til dagleg, og det er difor eit mål å gjera laboratoriet mest mogleg fleksibelt slik at det heilt eller delvis kan nyttast i overvaking av helse og miljø m.a. på tokt og i samband med heilkroppsmålingar, og i samband med bruk av strålekjelder t.d. i industrien.

Operative mobile målesystem

Forsvaret, NGU, NILU og Strålevernet har store detektorar som kan nyttast ved søk etter radioaktive kjelder og kartlegging av nedfall frå fly, helikopter eller bil. Desse detektorane har vore brukt i samband med m.a. øvingar, men er berre delvis operative for bruk i kartlegging ved ei ulykke. For å gjera dette utstyret operativt, er det m.a. naudsynt å gjera tekniske oppgraderingar, vidareutvikle dataanalyse og programvare, gjennomføre kalibreringar, utarbeide felles prosedyrar og etablere system for rapportering av data til Kriseutvalet. M.a. ønskjer vi å inkludere eit anna detektorsystem i den eksisterande instrumenteringa for å vera betre i stand til å måle på komplekse samansetjingar av radioaktive stoff. I tillegg er det ikkje minst viktig å leggje til rette for bruk av dei same detektorane i fly, helikopter og bil. Eit samarbeid om dette i beredskapsorganisasjonen er i gang.

Betre grunnlag for vedtak

Eit grunnlag for Kriseutvalet sine vedtak blir presentert gjennom ARGOS, som er det verktøyet som blir nytta for å presentere underlag for vedtak i den nasjonale beredskapsorganisasjonen. Her kan resultat frå både målingar og prognoser presenterast. For å vera budd i tilfelle ein atomterrorssituasjon, er det naudsynt å vidareutvikle prognosemodellar for spreining av radioaktivitet i luft, i miljøet og i matvarer med terrorhandlingar som utgangspunkt. Det er òg naudsynt å effektivisere rapportering av måledata frå ulike målesystem i ulike ledd av beredskapsorganisasjonen og inn til operasjonslokala ved Statens strålevern.



Prognose for spreining av radioaktivitet presentert i ARGOS.

Kommunikasjonssystem

Ei av hovudoppgåvene for beredskapsorganisasjonen er å samle og gjera tilgjengeleg rett informasjon til rett tid. Dette gjeld både internt i beredskapsorganisasjonen og retta mot publikum og media. Som oppfølging av St.prp. 54, er det i gang eit arbeid for å vidareutvikle system og rutinar for databasert kommunikasjon. Behova i beredskapsorganisasjonen er kartlagde, og ein er no i gang med å formulere krav til systemet.

Ferdig i løpet av 2003

Gjennomføring av dei fire tiltaka er godt i gang. Tiltaka er finansiert over Strålevernet sitt budsjettkapittel og er planlagt ferdige innan utgangen av 2003.